Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Laudal

Emne: Folkelege musikkinstrument.

Bygdelag:

Oppskr. av: T. K. Steinsland

Gard:

(adresse): Laudal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Fele har vori i bruk lenge. Men Laudal har ikkje mykje til spelemen, og har det ikkje ennå. I gamal tid flatfele. I siste åra har hardingfela kome i bruk litt.

Tarmstrengjer var og er det vanlege. Dei blei införde

Delane på fela: halsen, skruane, fingre-brettet, strengehesten eller stolen, streng-ehaldaren, festeknappen, ljodholene og ljodpinnen eller stillepinnen, loket, botnen, sidene,

2). Veit ikkje når fela kom i bruk. Nå rår ho ikkje grunnen aleine slik som för, sidan dragspelet og gitaren kom.

Dei gamle felespelare stödde fela mot bringa når dei spela. Flestalle gjer slik enno. Dei som er notekunnige held fela under haka.

4803

3/

Felene blei innförde, men nokre få er laga i Landal (av Ånen Hegland, död for mange år sidan 1875÷.) (i Hægebostad er fleire som har laga feler; Ola Bjærum, Andreas Kvåle, Knut Kvåle)

4/

5. Feleloket blei laga av grantre, toket Bolnen av lauvtre (lön) Sidene av lauv-tre. Det var tru at fela blei blei best av tre som hadde stått i vindsus.

6

7/ Fela blei brukt til dans i brullup og andre festlele samkomer. Mange ser leg kring 1850 og derikring såg på fela som reine styggedomen. Det var stor synd å spela. Det var folketru at spelemen-ner blei fattige. Inga lykke med spele-pengar. Spelemenner blei store drikka-rar og skrale arbeidskarar. Min beste far var brullupp-speleman i ungdomen til han kom med i presten Oftedal si store kristelege vekking kring 1870. Han sat då i små kår og trega på at han hadde synda seg ut med speling i ungdomsåra. Kring 1900 kom ei ny stor kristeleg vekking ved emissær Jærdal. Men nå kom fela i bruk att på kristelege möte. Mange gamle tykte det-te var gale. Men fela vann seg fram att, og gamle bestefar spela nå på kristelege möte.

4803

I Landal har like til det siste berre vore brukt fele (flatf. og hard.). Så kom dragspelet for omlag 50 år sidan, små, einrada billege durspel. I dei siste åra har ein og annan fått moderne dragspel. Beste dragspelaren i Landal er Anders Homme. Han har spelt mykje i radio. Bror hans Jon Ulf Homme var og flink som spelemann på dragspel og komponist.

## Salmodikon (Nolespel)

har tidlegare vore brukt på skulen av lærarane. Men nå er dette slutt her. Nå brukar lærarane fele eller orgel, eller dei berre syng.

## Bukkehorn.

Langelur har ikkje vore brukt her så lenge nokon kan minnast. Men bukkehorn har vore i bruk av kjuringar. Nå finst det berre få bukkehorn. Eg har eitt som eg ennå brukar for moro t. d. på skogturer, til signalhorn når flokken skal samlast o.s.v.




Ein lagar ikkje tonen med tippene. Ei tunn kløfis av einer tagar lyden. Dei ymse toner (4) får ein fram med fingring, ikkje med dekking av lydopninga.

4803

Seljeflöyte

Har vore og blir enno litt bruka.

Beinpipe.

Blei brukt för. Var laga av leggbei-
-net av sau.




Gav nokså veik, men ven tone

Munnharpe.

Ikkje brukt nö, og lite för.


4803

# III

## Byinstrument

Fyrste orgel for 50-60 år sidan. Det var visstnok kyrkjesonger Leira som fekk det. Så kom kyrkjeorgelet. (stort kapell-harmonium) Doktor Nørregård gjorde oppstak. Engelske laksefiskarar og bygdefolk gav pengar.
No er det 5-6 orgel i Laudal. og 4 pianoer.

Gitar og mandolin blir nokså mykje brukt no, meir enn fele og trekk-spel.

Blåseinstrum blir mest aldri brukt her.

Laudal har som sagt hatt svært få felespelarar. Difor er bygda fallig på slåttar.

Med orgel og piano kom vanleg note-musikk (og moderne musikk)
Gitar, mandolin og harpeteik blir bruka til religiøs musikk.
Til dans er mangeradda dragspel det mest nytta.

## Primitive instrument

Blåsa i nevar (til å skræma sauer og geiter) Blåsa grasstrå mellom tommelfingrane. Blåsa plistreblokker (konvaller) Blåsa på kam, på sevskei.
Vindhest er ein trekall eller blekk-

4803

-kall som snur i vinden og kan da knat-
-ta mot eit eller ann t. d. trepinne
blekkplate, bjölle.

Trefløyte (trepipe)

For omlag 50 år sidan høyrde
eg ein mann som bles songtonar
på trepipe, vistnokk sjølvlaga.
Det let gånske vent. Mannen heitte
Reier Hellevand og var ein emissær
frå Konsmo sokn.

4803
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING